

Styremøte samlaget 25.mars 2019

Møtte: Kjell Oddvar Frøysa, Bjørn Egil Larsen, Gaute Aamlid, Trine Ramsvik Stette, Ove Tomren, Ola Vangen og Ola Kåre Dybvik.

Ikkje møtte: Helge Hollund Surdal

Sak 6/2019 - Godkjenning av referat frå førige møte

Ingen kommentarar på referat.

Referat vert godkjent.

Sak 7/2019 - Feltkarusellen 2019

Det er gjennomført 3 av 4 feltsstemner som er med i feltkarusellen 2019.

Kjell Oddvar har ført resultatlistene for i år, som i fjor.

Styret har diskutert feltskyting og interessa for feltskyting i samlaget og vil gjerne ha på plass eit fungerande feltutval. Dette utvalet skal jobbe for å få feltskyting meir fram i lyset for skyttarane våra.

Styret har gitt dette utvalet eit mandat som dei kan jobbe med fram til ombodsmøtet 2019.

Mandat til utvalet:

-Gjere ei vurdering om feltskytinga i samlaget kan skytast på både ukjente og kjente avstandar på grovfelten, i staden for berre kjente slik som det er i dag.

-Gjere eit forsøk på å få feltskyting meir spennande.

-Vurdere om stang og felthurtig kan flettast inn i dagens felt- eller baneaktivitet for å gjere det meir attraktivt.

Konklusjonane rundt desse punkta skal leggast fram for samlagsstyret på eit møte i forkant av ombodsmøtet. Det skal også leggast fram forslag til nye vedtak eller endring av gjeldande vedtak om konklusjonane tilsei det.

Sak 8/2019 - Terminlistemøte

Det blir halde eit terminlistemøte slik som tidlegare år. Møtet blir i mai, ca.

Skyttarlaga har vore positive til dette før og håpar dei vil møte på møtet også i år for å gjere jobben med terminlista enklare.

Sak 9/2019 - Orientering frå seminar for skytebanekontaktane

Skytebanekontakta, Ove Tomren, orienterte om kva som blei gjennomgått og sagt under seminaret for skytebanekontaktar i mars. Alle skyttarlag i samlaget må møte med minst 1-2 stk. på dette fellesmøtet som samlaget skal ha 24.april i Olsvika.

Sak 10/2019 - Samlagsstemne felt 2019

Samlagsstemnet i felt blir i år arrangert i Olsvika av Aalesund skyttarlag. Påmeldinga vart avslutta 25.mars og stemnet blir halde søndag 31.

Sak 11/2019 - Datoar for organisasjonsskyting 2019

Sunnylven og Aalesund skal ha organisasjonsskytinga for 2019. Datoane det blir halde skytinga:

Sunnylven: Tysdag 18.juni
Aalesund: Tysdag 4.juni

Sak 12/2019 - Serieskyting 2019

Ola sett opp opplegget for serieskytinga for 2019 og sender dette ut til alle lag og får det ut på heimesida til samlaget når tida nærmar seg.

Sak 13/2019 - Tilbakemelding frå ungdomsgruppa

- Alle lag må få på plass politiattestar, det er utsendt info til alle ungdomsleiarar.
- Det blir jobba med ei ungdomssamling for heile kretsen til ei samling på Setnesmoen. Ingenting er spikra enda, men det jobbast med det.
- Elles så blir det ei ungdomssamling til hausten, som tidlegare år, og det skal bli gjort forsøk på andre mindre sosiale samankomstar når det er aktuelt.